

# Å produsere, analysere og vurdere samansette tekstar

Vi har allereie brukt mange omgrep for å snakke om multimodale tekstar, som 'modalitet,' 'semiotisk ressurs' og så vidare. For å samle og systematisere desse omgrepa litt: Ressursane vi brukar for å få fram ei meiningskunnskap kan vi kalle semiotiske system, meiningskapingssystem, eller modalitetar. Ein skil gjerne mellom fem generelle slike modalitetar for å snakke om koss vi skapar meiningskaping:

**Verbalspråk:** Dette handlar om meiningskunnskap gjennom munnleg eller skriftleg språk gjennom bruk av vokabular, struktur, og grammatikk

**Lyd** er meiningskunnskap gjennom musikk, lyd (som for eksempel lydeffektar, bakgrunnslydar), og stillheit, gjennom bruk av volum, tonehøgde og rytme.

**Visuelle ressursar** er meiningskunnskap gjennom stillbilde eller film, ved bruk av farge, perspektiv, sidelayout, vektorar, skjermformat, visuelle symbol, forgrunn og bakgrunn i biletet, rørsle, tonefall osv.

**Gestar** er meiningskunnskap knytt til kroppsrørsler, hender og øye, ansiktsuttrykk, kroppsspråk, gjennom bruk av rytme, fart, ro og vinklar.

**Rom** er meiningskunnskap knytt til fysiske miljø og omgjevnader, arkitektur, gjennom bruk av nærheit og distanse, retning, layout og plassering og organisering av objekta i rommet.

Vi kan vidare tenkje oss at ein semiotisk ressurs, som til dømes eit bilet, har ein heilt spesiell **affordans**. Det vil seie at ein gitt semiotisk uttrykk i ein tekst har eigenskaper som verkar i ein tekst på andre måtar enn andre semiotiske ressursar. Både eit bilet og ein skriven setning kan framkalle konnotasjonar, kontrastar eller kjensler, men dei gjer det på ulike måtar, dei har sine eigenskapar eller affordansar som gjer den eine meir tenleg enn den andre i ulike kontekstar.

Vi tenkjer oss altså at både det å produsere samansette tekstar, å vurdere ein tekst som er produsert og å analysere samansette tekstar har det til felles at det handlar om å stille spørsmål til koss dei ulike semiotiske ressursane er nyttar i ein gitt kontekst for å skape ein bestemt bodskap. Tekstane ein skapar, og likeeins kontekstane desse tekstane står i, er svært mangfoldige, så heller enn å prøve å presse tekstar

inn i skjema når ein skal vurdere dei, kan det vere ein klokare inngang til å både produsere og å vurdere slike tekstar å finne gode spørsmål ein kan stille som førebuing til å lage tekstar og som ein inngang til å forstå desse tekstane, med utgangspunkt i omgrepa ein finn i sosialsemiotikken.

Med utgangspunkt i det vi så langt har nemnt om dei multimodale perspektiva på tekst, kan du nytte følgjande spørsmål som utgangspunkt for både å produsere tekstar der fleire modalitetar bidreg til den tekstlege heilskapen og til å vurdere og analysere det multimodale samspelet i ein tekst. Ei uttømmande liste eller eit analyseskjema som tar høgde for alle tenkjelege tekstar i alle medium vil vere lite tenleg. Avhengig av kven sendaren er, kva kontekst teksten står i og kva teknologi teksten brukar, vil ein kunne finne fram til dei viktige draga ved teksten som heilskap.

Spørsmål til design og analyse av samansette tekstar:

Kva **kontekst** står denne teksten i

- Kva veit du eller kan du anta om koss teksten er meint å lesast, kven teksten er meint for?
- Har situasjonen eller konteksten du møter teksten i noe å seie for koss han blir lesen eller kan vere tenkt lesen?

Kva er dei framtredande eller berande semiotiske ressursane i teksten?

- Er det mogleg å seie noe om koss desse organiserer teksten som heilskap (til dømes: er dei visuelle affordansane nytta på bestemte måtar, anten som bilet, filmklipp, eller måten verbalteksten er organisert på?)
- Kva kan du seie om kva romlege prinsipp som organiserer teksten som heilskap – er her noe som tydeleg møter deg først og dreg merksemd,
- Er her linjer eller vektorar i teksten som heilskap eller i delar av teksten (til dømes eit bilet) som styrer merksemda til lesaren?

Kva rolle speler dei ulike semiotiske ressursane i teksten?

- Tener bileta til å illustrere teksten, eller motsett?
- Kva oppgåver tener dei ulike semiotiske ressursane i teksten (til dømes: er nokre semiotiske ressursar nytta til å bere viktig informasjon meir enn andre ressursar)?
- Kan du seie noe om koss dei ulike semiotiske ressursane speler på kvarandre, eller kontrasterer?

Kva roller speler vektorar i teksten (linjer som leier merksemda mot ulike element; bestemte vegar gjennom teksten som ein kan sjå føre seg er meint som styrande for lesinga eller leseretninga)?

Er teksten av ein slik art (til dømes ei webside eller ein app/dataprogram) at du kan seie noe om kva affordansar som ligg i teknologien (teknologiske affordansar)?

- Er her bestemte vegar gjennom teksten? Koss er desse organisert og kva arbeid må lesaren gjere for å kome seg igjennom teksten?
- Er vegen gjennom teksten styrt eller open? Kva seier dette om koss teksten skal opplevast eller blir opplevd?
- Kva moglegheiter eller begrensingar gjev den teknologiske layouten eller dei teknologiske affordansane i teksten (som til dømes om teksten baserer seg på predefinerte malar, fargar og funksjonar)?
- Er teksten ålment tilgjengeleg, eller krev han bestemte forkunnskapar, kjennskap til sjangrar eller konvensjonar, teknologiar? Kva seier det eventuelt om kven teksten er for eller koss han skal forståast?